



Kommunane i Hordaland

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2017

Fylkesmannen har fordelt tilskot til *nærings og miljøtiltak i skogbruket* (NMSK) for 2017, jf. *Belastningsfullmakt 2017* frå Landbruksdirektoratet.

I tråd med *Regionale rammer for tilskuddsmidler innen skogbruk og jordbruk for 2017* er ramma 2 millionar kroner til Hordaland. Fylkesmannen må kvart år fordele midlane til kommunane. Fordelinga skjer på grunnlag av historisk avverka volum og planlagd aktivitet.

Tilskotssatsar

Satsane for tilskot vert fastsett av kommunane og elektronisk registrert i *Økonomisystemet for Skogordningene* (ØKS). Kommunane er pliktig å utarbeide retningsliner for bruk av NMSK midlane. Tilskot til skogkultur har tidlegare år vore på over 60 % i Hordaland. I Noreg (inklusive Vestlandet) har tilskot til skogkultur i gjennomsnitt vore på 16 %. I dei tradisjonelle «skogfylka» i Noreg med hogstaktivitet, vert det ikkje gjeve tilskot *til planting etter hogst*. Finansiering av planting etter hogst skjer med bruk av avsett skogfond. Bruk av skogfond er ei særst gunstig ordning for skogeigarane. Årsaka til historisk særst høge %-satsar på Vestlandet har samanheng med skogreisningstida og skogeigarane ikkje hadde skogfond. I dag vert skogen hogd likeins andre område av Noreg og skogeigarane sett av skogfond til investeringstiltak på eigedomane.

I dei siste 3-5 åra har midlane vore brukt opp før alle søknadene har vore handsama i kommunane. Ein del søknadar vart difor handsama etter årsskifte og belasta ny årsramme. Årleg auka hogstareal og uendra budsjettamme dei siste åra har medført at Fylkesmannen sidan 2014 har tilrådd kommunane å redusere %-satsane. Mest tilskot vert utbetalt til *plantning etter hogst*, og særst få midlar til andre tiltak. Difor er %-satsen til planting etter hogst vore avgjerande for bruken av midlane. Dei fleste kommunane har i dag tilskotssats 30 % for planting etter hogst. I dei neste åra ventar ein årleg auke i hogstareal og skogkulturaktivitet. Ein ventar ikkje politisk vilje til auka ramme for NMSK tilskot i Noreg. Fylkesmannen vurderer at kommunane på sikt må vere førebudd på ytterlegare reduksjon i tilskot til *plantning etter hogst* og heller prioritere tilskot til ungsogpleie.

Kommunane må fastsette %-satsar og halde seg innanfor tildelt ramme. **Vi oppmodar kommunane til å prioritere tilskot til ungsogpleie.**

Fordeling av NMSK 2017

Fylkesmannen fordeler om lag 1,5 millionar mellom kommunane. Resterande midlar vert halde att til seinare (august) fordeling i 2017. Tildelte midlar som ikkje vert brukt opp omfordelast til kommunar med behov.

Kommune	Tildeling 2017	Kommune	Tildeling 2017
Bergen	150 000	Granvin	20 000
Sveio	20 000	Voss	150 000
Stord	30 000	Kvam	50 000
Tysnes	80 000	Fusa	100 000
Kvinnherad	100 000	Samnanger	50 000
Ullensvang	100 000	Os	50 000
Ulvik	20 000	Askøy	20 000
Vaksdal	20 000	Modalen	10 000
Meland	50 000	Lindås	100 000
Odda	10 000	Etne	80 000
Bømlo	20000	Fitjar	10 000
Austevoll	30 000	Sund	20 000
Fjell	20 000	Øygarden	5 000
Fedje	0	Radøy	50 000
Masfjorden	10 000	Jondal	10 000
Eidfjord	0	Austrheim	10 000
Osterøy	50 000		

Vedlagt rettleiande %-satsar for dei ulike skogbrukstiltaka.

Ungskogpleie – auka satsing

Statistikken syner ein reduksjon i ungsogpleie dei siste 10 åra. I 2016 vart om lag 200 daa med ungsogpleie utført i heile Hordaland. For 10 år sida vart om lag 1 000 - 2 000 daa avstandsregulert. Ungskogpleie er ei særskild god langsiktig investering for tilvekst, kvalitet og stabilitet. **Fylkesmannen oppmodar kommunane i 2017 om meir oppsøkjande verksemd hjå skogeigarane for auka ungsogpleie.** Kommunane kan enkelt hente rapportar frå ØKS over skogeigarar med potensielt behov for ungsogpleie på eigedomen. Dei aktuelle skogeigarane kan kontaktast for skogfagleg rådgjeving om skjøtsel på eigedomen.

Skogfond

Skogfondordninga i Hordaland har i dag ca. 38 millionar kroner inneståande. Skogfond er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur. Ordninga med skaffefordel er særskild lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere særskild viktig å **avsetje tilstrekkeleg skogfond**. Lågaste sats (4 %) vil ikkje vere nok til å finansiere framtidig skogkulturbehov. Truleg er minst 10-15 % avsett skogfond naudsynt.

Fylkesmannen vil nok ein gong oppmode kommunane og tømmerkjøparane om å rettleie skogeigarane til å sette av skogfond i tråd med framtidig investeringsbehov.

Retningslinjer i kommunane

Jf. forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3 skal kommunane ha gjeldande retningslinjer for prioritering av søknader om NMSK-tilskot. Slike retningslinjer skal

utarbeidast i dialog mellom Fylkesmannen og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt. Fylkesmannen har retningsliner for tilskot til bygging av skogsvegar og drift med taubane.

Fylkesmannen ber om kopi av gjeldande retningsliner og tilskotssatsar før registrering i ØKS.

Frist 1. mai 2017.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- Rettleiande tilskotssatsar og kostnadsgrenser for bruk av NMSK midlar